


Skulderbrot

Skulderbrot utgjør omlag 5 % av ekstremitetsbrota hos vaksne. Hos personar over 60 år er skulderbrot den tredje mest vanlege typen brot, etter hofte- og handleddsbrot. Konservativ behandling kan vere aktuelt i omlag 80 % av skulderbrota. Ved stor feilstilling eller når beinet er knust i fleire bitar kan det bli aktuelt å operere. Det skjer ved innsetting av enten pinnar, plater eller protese. I 20 - 35 % oppstår også skade på nerver og blodkar ved skulderbrot, og skada blodtilførsel til beinet eller manglande tilheling av brotet kan på eit seinare tidspunkt føre til behov for proteseoperasjon.


Bakgrunn

Skulderbrot er definert ved hovud- eller bidiagnose S42.2 (ICD-10). Operativ behandling er definert ved diagnostisert skulderbrot og samtidig ein eller fleire av prosedyrekodane NBJ21, NBJ31, NBJ41, NBJ51, NBJ61, NBJ71, NBJ81, NBJ91, NBB02, NBB12, NBB20, NBB30, NBB40, NBB99 (NCSP). Konservativ behandling er definert ved diagnostisert skulderbrot og fråvere av prosedyrekodar. Pasientar som er 18 år eller eldre er inkludert, med unntak av i figuren som viser kjønns- og aldersfordeling for opererte brot (alle aldrar).

Det skjer årleg i gjennomsnitt over 5 500 skulderbrot i Noreg, og 16 % av brota blir opererte.



Tal operasjonar for skulderbrot for heile landet i perioden 2012-2016. Pasientane er fordelt på kjønn og i aldersgrupper.




Brotrate: Tal skulderbrot per 100 000 innbyggjarar (18 år og eldre) per år i perioden 2012-2016. Gjennomsnittsverdiar med 95 % og 99,8 % konfidensintervall. Mørkare blå søyle representerer opererte brot. Loddrett strek viser brotrate for landet. Ratane er justerte for kjønn og alder.

Resultat

Det er tre gonger så vanleg å bli operert i buområde Førde, som i buområde UNN. Fordi det er få operasjonar i perioden kan ein relativt stor del av den observerte variasjonen vere tilfeldig. For buområde Finnmark er tal pasientar med skulderbrot i perioden så lite at operasjonsraten er usikker.

Tal operasjonar per år er stabil på landsnivå, med til dels store endringar i buområda. Tydlegast i buområde Førde der tal operasjonar går ned gjennom heile perioden.

Buområda Østfold og Førde skil seg ut med 25 % opererte skulderbrot, mens prosentdelen er lågast i buområda OUS (13 %), Bergen (12 %), UNN (11 %) og Finnmark.



Operasjonsrate: Tal opererte skulderbrot per 100 000 innbyggjarar (18 år og eldre), fordelt på buområde. Søylene viser gjennomsnittsverdien per år for perioden 2012-2016 med 95 % og 99,8 % konfidensintervall. Loddrett strek viser gjennomsnittsverdien for landet. Ratane er justert for kjønn og alder. Finnmark: det er færre enn 40 unike personar som ligg til grunn for utrekninga, og raten er derfor usikker.

Kommentar

Den systematiske variasjonen i operativ behandling av skulderbrot er moderat til stor. Variasjonen i brotrate er ikkje stor mellom buområda og det er grunn til å tru at det er uønska variasjon i operativ behandling av skulderbrot.

Prosentdel opererte skulderbrot er litt lågare enn venta, men i samsvaret med kor stor del av pasientar med skulderbrot som, både nasjonalt og internasjonalt, ein reknar med har nytte av operativ behandling.